

Motto : Marstein.

## M O R D A L A N D.

Eigen tone, eller : Jeg lagde meg så silde.  
1.  
Sjå morgonsoli stig over gamle Mordaland,  
-med Bjørgvin attved trauste moderbarmen -,  
og gyller øy ved øy langs vår uversslitne strand,  
strør glitr i dogg og foss av strålevarmen,  
frå Folgefonn til yttste Nordsjølarven.

2.

Vår gamlesoga tegjer, avdi ho inkje veit,  
om fyrstemann som her fann heim og yrke. -  
Kong Adalstein si sverdegge på Øyvind Skrøya beit.  
Hans grav ligg sveipt i ljøs frå heim og kyrkje,  
der Gud gav folket trøyst i tider myrke.

3.

Sjå havtrøytt sjømann skodar med lengt mot Mordaland,  
der fiskarfloten sym langs øy og strender.  
Sjå bonden dykkar jordi, set tun og gard i stand,  
og Bjørgvin, Odda, Voss sitt innslag sender:  
ei framstigakraft av ånd og arbeidshender.

4.

Stå grensevakt for Noreg, vårt framtids Mordaland.  
Bruk moders mål. La flagget fritt seg svinga.  
Set kjærleiksvakt kring heimen. Kveik heilag vardebrann.  
Til ilsam flukt kvar "Varg i Veum" tvinga.  
Søk livd ved Herrens sterke faderbringa.